



Notat

Dato: 27.08.2015
Arkivsak: 2015/6831-8
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

Til: Liv Sundheim

Frå: Kjetil Sigvaldsen

Innspel frå Samferdselsavdelinga - Kommunedelplan for Rv13 Jøsendal - Odda sør

Statens vegvesen og Odda kommune anbefaler at det vert arbeidd vidare med alternativ 2.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for den offentlege kollektivtransporten i heile fylket. For å ivareta eit attraktivt og effektivt busstilbod er det viktig å unngå utbygging og vegsystem som krev at alle bussar og passasjerar må ut på lite attraktive omvegar. For lokal og regional kollektivtrafikk og Skoleskyss er det positivt at vegtrase frå Skare koplars seg på ny riksveg 13 ved Espeland. Her, ifølgje alternativ 2, går ny riksveg 550 meter i dagen mellom to planlagde tunnelar. Det er viktig at traseen mellom Espeland og Skare tar høgde for kollektivtrafikk i vidare planarbeid. Planstyremakta bør konferere med Hordaland fylkeskommune/ Skyss med omsyn til framtidige løysningar for kollektivtrafikk.

Samferdselsavdelinga tar atterhald om at me ønskjer å uttale oss seinare i planprosessen.